



Elevrådsrepresentant 10C

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2525 - 18/7854

Saksbehandlar:

Morten Olsen Schulstad

morten.olsen.schulstad@lindas.kommune.no

Dato:

07.03.2018

## Svar på søknad om å dra på senteret i storefri

Viser til brev, mottatt 06.03.18, der det søkast om løyve til å forlate skulen sitt område i matfri.

Rektor fattar med dette følgjande vedtak:

Elevane i klasse 10C har løyve til å forlate skulen sitt område i matfri frå og med måndag 12.03.18 til og med 20.06.18.

I behandlinga av søknaden er det lagt særskilt vekt på følgjande grunngjeving:

- Ordninga har lange tradisjonar på skulen.
- Ordninga gjev elevane høve til å vise seg sjølvstendige og til å oppleve meistring.
- Samtlege elevar i klassen føler at dei har god evne til å ta vare på seg sjølv.

Med dette vedtaket viser skulen klasse 10C tillit, med ein forventning om at kvar einiskilde elev representerar skulen på ein god måte når den forlater skulen sitt område og at skulen sine reglar for orden og åtferd overhaldes. Rektor tar atterhald om retten til å gjere om dette vedtaket dersom elevane i klasse 10C ikkje viser seg tilliten verdig.

Med helsing

Morten Olsen Schulstad  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Mottakrar:**  
Elevrådsrepresentant 10C